



Notat

Dato: 11.04.2016
Arkivsak: 2014/11877-10
Saksbehandlar: gurklyv

Til: Anne Gine Hestetun, Fylkesordførar

Frå: Guro Klyve, Eigedomsavdelinga

**Sameiget Skakke - Senter for skule, idrett og kultur.
Fullmakt til å representere Hordaland fylkeskommune i styret i sameiget.**

Sameiget Skakke – Senter for skule, idrett og kultur i Etne kommune består av 3 seksjonar. Hordaland fylkeskommune er eigar av den eine seksjonen i sameiget. Etne vidaregåande skule held til i denne seksjonen.

Det følger av vedtekten at kvar av sameigarane skal ha to styremedlemer og to varamedlemer i styret.

Ut frå styret sine oppgåver vil det vere naturleg at Hordaland fylkeskommune sine representantar i styret kjem fra Eigedomsavdelinga og frå skulen.

Medlemene i det noverande styret er:

Helge Haavardtun, styremedlem	Eigedomsavd.
Bjarte Molvik, varamedlem	Eigedomsavd.
Marion G. Kallevik, styremedlem	Etne vgs.
Pål Atle Baustad, varamedlem	Eigedomsavd.

Tenestetida for styremedlemene er to år, og det skal veljast nytt styre i år.

Helge Haavardtun går av med pensjon i 2016, og Bjarte Molvik har sagt seg villeg til å gå inn som styremedlem i neste periode. Rektor ved skulen, Marion Kallevik, har sagt ja til å stille for ein ny periode, og ass.rektor Ingelin Håheim har sagt ja til å vere varamedlem for henne. Områdeleiar Steinar-Ove Lexander er villeg til å vere varamedlem for Bjarte Molvik.

Vårt forslag er at det nye styret består av:

Bjarte Molvik, styremedlem	Eigedomsavd.
Steinar-Ove Lexander, varamedlem	Eigedomsavd.
Marion G. Kallevik, styremedlem	Etne vgs.
Ingelin Håheim, varamedlem	Etne vgs.

Vi ber derfor om at vedlagte fullmakt til å representere Hordaland fylkeskommune i styret i Sameiget Skakke – Senter for skule, idrett og kultur vert signert.

Vi har òg lagt ved kopi av fullmakta frå 2014 til orientering.

Guro Klyve
Eigedomsavdelinga

Vedlegg 1: Kopi av fullmakt datert 02.05.2014

Vedlegg 2: Fullmakt for signatur